



## Reglement for utleige / lån av Martin Linge-huset

1. Lag og organisasjonar i Norddal kommune får vederlagsfritt nytte Martin Linge-huset til kultur-, idrett- og fritidsaktivitetar til treningar/øvingar. Det skal betalast leige for inntektsbringande arrangement som generer ekstra kostnader knytt til drifta m.v.
2. Lag og organisasjonar frå andre kommunar, og private og kommersielle aktørar må betale for all bruk etter gjeldande satsar.
3. Det skal vere eit brukarlag ved Martin Linge-huset som aktivt skal bidra til drift og tilsyn med bygget. Brukarlaget skal vere sett saman av
  - a. Ein representant frå idretten
  - b. Ein representant frå kulturlivet
  - c. Ein representant frå skulen
  - d. Ein representant frå administrasjonen
  - e. Driftsansvarleg
4. Driftsansvarleg avgjer søknader om faste leigetilhøve utanom skuletid gjennom året saman med brukarlaget. Bruk av Martin Linge-huset i skuletida blir avgjort av driftsansvarleg saman med dei aktuelle kommunale brukarane.
5. Lag og organisasjonar frå andre kommunar kan leige Martin Linge-huset til idretts- og kulturaktivitetar. Bestilling av huset skjer via servicetorget eller driftsansvarleg. Utleige skal tilpassast aktivitetar drivne av lokale lag og organisasjonar.
6. Innhaldet i kulturaktivitetane som blir drivne i Martin Linge-huset skal ikkje bryte med intensjonane i lovar og føresegner.
7. Leigetakarar må vere budde på å vike plassen ved spesielle hendingar. Den kan vere kommunale arrangement og større turneringar der det er behov for større delar av huset over ein eller fleire dagar.
8. Tilsyn utanom skuletida skal organiserast av brukarlaget.
9. Nyting av alkohol i Martin Linge-huset er i utgangspunktet forbode. Driftsansvarleg avgjer etter søknad om det skal opnast for nyting av alkohol i samband med arrangement. Det må i tillegg skjast Norddal kommune om skjenkeløyve.

10. Driftsansvarleg skal syte for at leigetakarar vert gjort kjent med gjeldande utleigereglar.

11. Reglar for leigetakarar/brukarar:

- a. Leigetakar pliktar til ei kvar tid å rette seg etter dei reglane som gjeld for Martin Linge-huset.
- b. Leigetakar skal alltid stille med ein namngjeven person over 18 år som ansvarleg for aktivitetane.
- c. Leigetakar er ansvarleg for skader som blir påført bygning, innbu og utstyr i samband med leigetilhøvet. Ansvarleg skal straks melde frå til driftsansvarleg om eventuelle skader som er påført anlegget i leigeperioden.
- d. Ansvarleg pliktar å vise bort personar som ikkje rettar seg etter reglar og/eller påbod.
- e. Ansvarleg syter for at aktivitetane er tilpassa rom, inventar og utstyr. Romma skal vere i god orden etter kvar brukar. Lys skal slåast av. Dører skal vere låste, og vindauge attlatne. Avvik skal meldast skriftleg til driftsansvarleg.
- f. Ansvarleg som etter påtale ikkje rettar seg etter utleigereglane, kan takast frå retten til å vere ansvarshavande. Både den ansvarlege og gruppa vedkomande er leiar for, kan bli utestengte frå bygget. Melding om brot på utleigereglane skal sendast via driftsansvarleg til brukarlaget, som etter vedtak eventuelt stansar leigetilhøvet. Vedtak om utestenging kan klagast til rådmannen. Utleigetilhøvet vil i alle tilfelle stanse til rådmannen har fatta endeleg avgjerd i saka.

12. Martin Linge-huset skal til vanleg ikkje nyttast til utleige etter klokka 2300. Etter avtale med driftsansvarleg kan det dispenserast frå denne regelen.

13. Utleigesatsar:

Rom	Pris
Idrettshall, heil sal m/garderobar	400 kr /t
Idrettshall 1/3 sal m/garderobar	100 kr /t
Idrettshall, inntektsbringande arrangement for lag og organisasjonar (1 dag/helg)	10.000 kr
Kultursal for lag og organisasjonar (1 dag/helg)	2.600 kr
Kultursal arrangement med avansert lyd-/lysutstyr (personar til å styre lyd/lys kjem i tillegg) eller private arr.	5.000 kr
Andre rom for møte og ulike samlingar	100 kr / t
Sosialt rom, eit døgn, private arr.	2.000 kr
Foajé, eit døgn, private arr.	3.000 kr
For andre arrangement	Etter avtale
For leigetakarar utanfor Norddal kommune	Etter avtale